

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Mona Hellesnes sette på vegner av H, Frp, V og Sp fram slikt forslag:

1. "Takstendringane for 2015 skal ivareta mål om passasjervekst og auke i kollektivandel, jf. "Kollektivstrategi for Hordaland" og "Regional transportplan for Hordaland".
2. Innføring av ny sonestruktur vert utsett, men skal opp til handsaming i løpet av 2015.

Takstsonane vert justerte slik at kostnadsauken/inntektsbortfallet vert balansert, med ein minstetakst på 35,- kr og ein høvesvis justering av andre prisar.

3. Takstregulativ for buss og Bybane gjeldande frå 01.02.2015 vert vedtatt i samband med budsjetthandsaminga. "

Sveinung Valle sette på vegner av A, KrF og SV fram slikt forslag:

1. "Takstendringane for 2015 skal ivareta mål om passasjervekst og auke i kollektivandel, jf. "Kollektivstrategi for Hordaland" og "Regional transportplan for Hordaland".
2. 38 kroner for einskildbillett i 1 sone er urimeleg, og difor uaktuelt!
3. Fylkesutvalet ber om at følgjande vert utgreidd:
 - 3 soner
 - 6-8 soner
 - Kostnadsoverslag for lik takst på togstrekninga Voss-Bergen, som på buss.
4. Takstregulativ for buss og Bybane vert utsett til budsjettmessige konsekvensar er avklara."

Røysting

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.

Valle sitt forslag fekk 6 røyster (A, SV, KrF) og fall.

Hellesnes sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (A, SV, KrF).

Vedtak

1. Takstendringane for 2015 skal ivareta mål om passasjervekst og auke i kollektivandel, jf. "Kollektivstrategi for Hordaland" og "Regional transportplan for Hordaland".
2. Innføring av ny sonestruktur vert utsett, men skal opp til handsaming i løpet av 2015.

Takstsonane vert justerte slik at kostnadsauken/inntektsbortfallet vert balansert, med ein minstetakst på 35,- kr og ein høvesvis justering av andre prisar.

3. Takstregulativ for buss og Bybane gjeldande frå 01.02.2015 vert vedtatt i samband med budsjetthandsaminga.